

Planprogram

Kommuneplan for Hyllestad

2018 – 2030

Vedteken i Hyllestad kommunestyre 22.06.17

Innhold

1.	Innleiing	4
2.	Mål for arbeidet med ny kommuneplan samfunnsdel.....	5
3.	Sentrale utfordringar	6
4.	Tema og problemstillingar for utgreiingar i planarbeidet.....	7
4.1	Hyllestad som samfunn	7
4.1.1	Arealbruk og samfunnsutvikling.....	7
4.1.2	Sentrumsutvikling/tettstaddanning	7
4.1.3	Bustadbygging	8
4.1.4	Natur, miljø.....	8
4.1.5	Kultur	8
4.1.6	Klima, risiko og sårbarheit	8
4.1.7	Infrastruktur	8
4.1.8	Verdiskaping	9
4.2	Hyllestad kommune som organisasjon	9
4.2.1	Oppvekst.....	9
4.2.2	Vaksenopplæring og Integreering	9
4.2.3	Helse og omsorg	10
4.2.4	Tekniske tenester	10
4.3	Handtering av problemstillingane	10
5.	Kommuneplanprosessen.....	11
5.1	Informasjon og kommunikasjon.....	11
5.2	Organisering og medverknad i kommuneplanarbeidet	11
5.3	Samråd med overordna og regionale mynde.....	12
5.4	Samråd med nabokommunar.....	12
5.5	Temamøte	12
5.6	Framdrift.....	12
Vedlegg 1 – Kva er eit Planprogrammet og kvifor vert det utarbeida		14
1	Kva er eit planprogram.....	14
2	Kvifor planprogram.....	14
Vedlegg 2 – Rammer for planarbeidet		15
1	Føring i planstrategien.....	15
2	Nasjonale og regionale føringar	15
Vedlegg 3 - Kva lovkrav er det til ein kommuneplan?.....		16
1	Føremålet med kommuneplanen.....	16
2	Lovgrunnlaget.....	16

Vedlegg 4 – Plan- og styringssystemet til kommunen	18
1 Innleiing	18
2 Planhierarkiet	18

1. Innleiing

Kommuneplanen for Hyllestad kommune er det overordna styringsdokumentet for ei ønska samfunnsutvikling i Hyllestad. Kommuneplanen er ein reiskap for korleis kommunen skal møte dei utfordringane og behova kommunen har i dag, og for korleis vi skal møte nye og endra utfordringar i eit langsiktig perspektiv.

I kommunal planstrategi som vert slutthandsama i kommunestyret 26.04.17, vert det vedteke å revidere kommuneplanen (samfunnsdelen og arealdelen). Arbeidet med kommuneplanen er starta opp parallelt med handsaminga av planstrategien.

Målet for kommuneplanprosessen er å:

- Utarbeide visjonar, mål og strategiar for Hyllestad fram mot 2030
- Utarbeide mål og langsiktige føringar for utarbeiding av arealdelen
- Utarbeide ein kommuneplan som blir eit sentralt styringsverktøy for politikarane og administrasjonen
- Mobilisere næringsliv og det sivile samfunn til deltaking og auka framtidstru for å medverke i å verkeleggjere måla.
- Mobilisere og involvere nabokommunar, sentrale og regionale aktørar for å nytte verkemidla på ein god og utviklingsorientert måte for å nå måla i kommuneplanen.

I samfunnsdelen av kommuneplanen er det viktig å gjere det synleg i kva retning kommunen ynskjer å utvikle seg, ut frå dei utfordringane og behova vi står overfor framover.

Den store utfordringa i denne planperioden er:

- Folketalsutviklinga og dei demografiske konsekvensane av dette.

Folketalsutviklinga rører ved heile det økonomiske fundamentet for å kunne gje gode tenester til innbygarane, og reduserer det sosiale livet i kommunen. Samtidig kan demografien med størst auke i aldersgruppa +70, gje auka kostnadar på helse- og omsorgstenesta. For næringslivet vil den negativ folketalsutviklinga, særleg reduksjon i aldersgruppa 29 – 60, redusere deira evne til å skaffe nok og kompetent arbeidskraft.

Gjennom interne og eksterne prosessar er problemstillingar og ulike påverknadar drøfta som grunnlag for konkretiseringa som ligg i planprogrammet. Det er avgjerande at vi både klarar å adressere dei kommunespesifikke problemstillingane vi må ta tak i, samtidig som vi klarar å sjå Hyllestad som del av ein større region og eit større landskap for å skape ei positiv utvikling.

Første fase i arbeidet med kommuneplanen er å legge fram eit planprogram for kommuneplanen, som skal ut til offentleg høyring, før det vert handsama og vedteke av kommunestyret.

2. Mål for arbeidet med ny kommuneplan samfunnsdel

Kommuneplanen skal være førende for dei ulike tenesteområda i kommunen, kommunen si rolle i samfunnsutviklinga og for andre offentlege og private aktørar. Dette skal skje ved at ein i planarbeidet har satt følgjande mål:

- Gje strategisk retning for samfunnsutviklinga
- Mobilisere ulike aktørar med ressursar til handling
- Samordne og koordinere offentleg innsats og verkemiddelbruk

Å gje strategisk retning betyr:

- Avdekke og skape konsensus om utfordringane i kommunen
- Etablere felles mål
- Prioritere og velje strategisk retning for utviklinga – med bakgrunn i regionale og lokale tilhøve
- Forankre prioriteringane hjå alle relevante aktørar
- Bruke samfunns- og arealplanlegging som verktøy

Mobilisere ulike aktørar med ressursar betyr:

- Engasjere aktørar med ressursar til deltaking – privat sektor, kulturliv og lokalsamfunn
- Etablere mobiliserande prosessar i folkesetnaden
- Stimulere til samarbeid, etablere arenaer og møteplassar
- Ta i bruk insentiver som stimulerer til samarbeid

Samordne og koordinere offentleg innsats betyr:

- Samordne og forplikte ulike sektormynde
- Samordne eigne sektorar og planar
- Fungere som bindeledd mellom forvaltningsnivå for å skape positiv endring lokalt

3. Sentrale utfordringar

Som grunnlag for å peike ut utfordringar for Hyllestad som samfunn er det tatt utgangspunkt i statistikk og analyser henta frå ulike eksterne kjelder. I tillegg er det gjennomført interne drøftingar både politisk og administrativt.

Gjennom desse prosessane kom det fram stor semje om at folketalsutviklinga og den demografiske utviklinga er hovudutfordringa for kommunen. Samtidig kom det og fram til dels ulike vinklingar og oppfatningar av kva som skal til for å møte denne utfordringa. I planprogrammet er det forsøkt å fange opp desse problemstillingane slik at ein kan få drøfta dei ulike grepa nærare og finne fram til felles mål og strategiar for det vidare arbeidet med samfunnsutvikling og tenesteutviklinga.

I prosessen med formannskapet var det semje om at vi i arbeidet må få fram tydelege strategiar for område der vi sjølv har mynde og ressursar til å skape ei endring. Kommuneplanen må ikkje bli ei ynskeliste utan fotfeste i realitetane.

Hovudutfordringane for kommunen dei neste åra er knytt til:

- Folketalsutviklinga. Både nedgangen i folketallet i seg sjølv, som er avgjerande for kommuneøkonomien og dei tenestene kommunen kan levere, men og demografien med fleire eldre og færre unge/unge vaksne
- Bustadattraktivitet. Kommunen har svak bustadattraktivitet som viser seg i negativ netto innanlandsk flytting og at kommunen er ein innpendlingskommune.
- Infrastruktur/vegstandar. Vegstandarden aukar unødig avstandane mellom folk og tenester og svekkar konkurransekrafta til næringslivet.
- Kvinneunderskot. Dette kan ha sin årsak i type næringsliv, arbeidsplassar, men og i manglande urbane kvalitetar som kvinner søker i større grad enn menn, og til infrastruktur som gjer kvardagsorganiseringa vanskeleg.
- Mangel på eit sentrum og tettstaddanning. Hyllestad er den einaste kommunen i fylket utan eit område som er så tett busett at det kjem innanfor SSB sin definisjon av ein tettstad. Ut frå trendar i flyttemønster og bustadmønster kan dette være ein faktor som svekkar bustadattraktiviteten og tilbod med urbane kvalitetar.

Fleire av utfordringane heng i hop og i planarbeidet må vi synleggjere samhengane. Dette vil være avgjerande for å kunne ta avgjerd om kva vi skal knytte dei overordna måla til og kvar vi har verkemiddel til å påverke, for å nå måla.

I arbeidet må vi difor jobbe meir i djupna med dei einskilde problemstillingane. For å skape ei meir felles forståing av utfordringane er det behov for at får fram meir fakta og vurderingar av utfordringane. Dette ser ut for å være særleg knytt til samhengane mellom næringsutvikling/tilgang til arbeidskraft og til kva som skapar attraktivitet og bulyst.

Vi treng meir kunnskap for å kunne få grep om moglege strategiar, handlingar og tiltak. I sjølve planarbeidet vil det og bli lagt vekt på å få fram dei sterke sidene til Hyllestad og korleis vi kan jobbe for å vidareutvikle desse og nytte desse inn i strategiar for framtida.

4. Tema og problemstillingar for utgreiingar i planarbeidet

Ut frå utfordringsbiletet er det formulert konkrete tema og problemstillingar som grunnlag for utgreiingar og det vidare planarbeidet. I tillegg er tenesteområda i kommunen og aktuelle utviklingsområde tatt med for at kommuneplanen kan bli eit felles styringsverktøy for utvikling og tenesteproduksjon.

Det er formulert mange problemstillingar for vidare utgreiingar i planarbeidet. Mange av desse heng i hop og vi har prøvd å dei i nokre avgrensa tema. Vi har og skilt mellom problemstillingar knytt til Hyllestad som samfunnet og problemstillingar knytt til Hyllestad kommune som organisasjon og tenesteproducent.

I det vidare arbeidet må vi vurdere om strukturen her er tenleg eller om vi må gjere tilpassingar av den. I utgreiingane vil vi søkje å vurdere årsakskjeder og samanhengar mellom dei ulike områda, og vurdere kvar vi treng å gå meir i djupna for å få fram meir fakta. Slike vurderingar er viktige for å skape ei felles forståing av problemstillingane og moglege strategiar for å møte dei.

4.1 Hyllestad som samfunn

4.1.1 Arealbruk og samfunnsutvikling

- Kva for samfunnsutfordringar må vi vurdere for å kunne trekke langsiktige grenser mellom by- og tettstadsområde og store samanhengande landbruks-, natur- og friluftsområde.
- Korleis kan vi sikre framleis spreidd bustadbygging utan å redusere landbruksareal og drift av landbrukseigedomar?
- Korleis kan vi sikre godt jordvern, god arealdisponering og samtidig styrke senterutviklinga i kommunen?
- Kva har vi av behov for areal til næringsutvikling som bidreg til behova i næringslivet, og som er lokaliserte utifrå omsynet til den samla samfunnsutviklinga i kommunen?
- Korleis sikre viktige jordbruksområde og legge til rette for nye og grønne næringar som er knytte til jordbruk og skogbruk (grønt reiseliv, mat med lokal identitet og utnytting av bioenergi m.m.)?
- Korleis kan vi bidra til ei berekraftig utvikling av fiskeri- og havbruksnæringa og sikre nok areal i kystsonenplanlegginga?

4.1.2 Sentrumsutvikling/tettstaddanning

- Kva skal til for å skape ein meir aktiv og heilskapleg politikk for å utvikle nokre tettstadar i kommunen, og skape gode og levande bygdesentra?
- Kva for strategiar kan vi nytte for i større grad å legge til rette for etablering av bustader, arbeidsplassar, handel, service og sosiale møteplassar i sentrum?
- Korleis kan arkitektur, kulturminne, landskapsverdiar, vatn og grønne element bli tekne aktivt i bruk som ressursar i senterutviklinga?
- Korleis kan vi få fleire til å bli verande her og snu den negative netto innanlands flyttinga?
- Kva kan vi gjere av nye grep, og kva har vi av gode erfaringar vi kan utvikle vidare?
- Korleis ta vare på dei som veks opp her? Kvifor søker ikkje ungdom seg tilbake?
- Profilering av kommunen – Korleis klarar vi å profilere oss som ein attraktiv kommune både å bu i og etablere seg i.
- Skape alliansar om lokale behov som må løysast regionalt/nasjonalt – vegutbygging er eit døme der regional transportplan legg dei viktige føringane. Korleis kan vi få meir tyngde i å selje egne behov oppover i systemet?

- Kva behov har vi for sosiale møteplassar og for på nytt å skape gode opplevingar som til dømes bygdefestane?

4.1.3 Bustadbygging

- Kva er behovet for bustadar framover?
- Korleis kan vi legg til rette for nok og variert bustadbygging?
- Kva er behovet for varierte bustadar i kommunen, og korleis kan kommunen legge til rette for varierte og tilpassa bustadar med ei vesentleg auke i tal eldre?
- Korleis skal vi lokalisere bustadane for å styrke tettstadutviklinga og sentrumsdanninga i Hyllestad?
- Korleis skal vi lokalisert bustadane ut frå omsynet til samordna bustad-, areal- og transportplanlegging?

4.1.4 Natur, miljø og folkehelse

- Korleis kan vi ta vare på naturverdiane og vidareutvikle desse som positive element i samfunnsutviklinga?
- Korleis kan vi legg til rette for meir fysisk aktivitet og trivsel for heile folket ved å sikre samanhengande grønne strukturar, opne vassvegar og nær tilgang til område for leik, idrett, rekreasjon og nærfriluftsliv?
- Kva treng vi av kunnskap for å identifiserer viktige verdier av naturmangfald og landskap, friluftsliv, kulturminne og kulturmiljø, og ta dette aktivt i bruk i den vidare kommunale planlegginga og tiltak for å utvikle kommunen?
- Korleis kan vi utvikle og vidareføre sosiale tiltak mot isolasjon og einsemd i samarbeidet med frivillige?
- Kva for folkehelseutfordringar er det særleg viktig å utvikle strategiar for i denne perioden?

4.1.5 Kultur

- Kva er dei viktige strategiane for å halde ved like og styrke samspel med lag, organisasjonar og frivillig arbeid som ein nøkkelfaktor i det sosiale limet i kommunen?
- Kva er dei viktige faktorane for å skape ei meningsfull fritid, og korleis kan vi etablere gode uformelle møteplassar?
- Korleis kan vi vidareutvikle kulturminneverdiane og andre kulturverdier til å styrke attraktivitet og verdiskaping i kommunen?

4.1.6 Klima, risiko og sårbarheit

- Kva er dei viktige elementa i ei ROS analyse som vil kunne påverke yngst samfunnsutvikling?
- Korleis skal vi handtere og ta omsyn til klimaendringar og risiko og sårbarheit i samfunns- og arealplanlegginga?
- Korleis kan vi bidra til reduksjon av klimagassutslepp, energiomlegging og energieffektivisering i den kommunale verksemda og gjennom lokalisering av næringsverksemd, bustader, infrastruktur og tenester?
- Kva er utfordringane for Hyllestad i å tilpasse seg klimaendringane som skjer?

4.1.7 Infrastruktur

- Kva for infrastruktur er det særleg viktig å ha fokus på i høve endringar i klima og meir ekstremvær?
- Kva for strategiar er viktige for å få gjennomslag for utbetringar og utvikling av fylkesvegnettet for å styrke næringsutvikling og busetnad i kommunen?
- Kva er dei viktige elementa i utvikling av infrastruktur for å styrke det sosiale livet og kontakten mellom folk og dei ulike grendene?

- Kva er dei viktige prioriteringane når det gjeld utvikling av breiband dei neste åra?
- Kva behov har kommunen og kysten for godsterminalar og hamner for å styrke verdiskapinga og utvikle effektive logistikknutepunkt? Korleis nytte og vidareutvikle eksisterande hamner?
- Korleis kan vi nytte gjeldande incentivordningar til å få gods over frå veg til sjø?
- Korleis kan vi bidra til å auke bruk av sykkel og gange i dagleglivet, og korleis kan vi legge til rette for samanhengande gang- og sykkelsamband av høg kvalitet?
- Korleis kan vi utvikle betre infrastruktur med breiband. Breiband er viktig infrastruktur som minkar avstandsurempene.

4.1.8 Verdiskaping

- Korleis kan vi sikre godt nok kunnskapsgrunnlag for forvaltninga av sjøområda, og sette arealbruken inn i eit regionalt perspektiv?
- Kva er behovet for å sikrar tilgjenge til gode mineralreservar for mogleg utvinning og veg dette opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser? Behovet for og tilgangen til byggjeråstoff må bli sett i ein regional samanheng.
- Målretta næringsutvikling – kva kan vi påverke og korleis gjer vi det
- Korleis skape nye arbeidsplassar? Kva har vi fått ut av omstillingsprosjektet og korleis lære av det? Korleis kan vi ta med oss dei positive erfaringane vidare?
- Treng vi nye areal for næringsetablering?
- Korleis jobbe med gründerar og andre med idear?
- Tilhøvet til HAFS utvikling. Kva er deira rolle og korleis kan vi sikre eit fruktbart samarbeid framover?
- Korleis dekke behovet til næringslivet for å rekruttere folk?

4.2 Hyllestad kommune som organisasjon

4.2.1 Oppvekst

- Korleis få til ein raud tråd i oppveksten der ein spelar på verdiar og styrkar i kommunen vår, slik at røtene blir sterke, samstundes som vi bygger sterke venger til å fly langt med?
- Kva for utfordringar gjev folketalsutviklinga på tenester innanfor oppvekstsektoren, og kva er det særleg viktig å løyse dei neste åra?
- Korleis få til godt tenlege lokale for barnehage, skule og kulturskule?
- Korleis handtere den venta auken i barnetal fram mot 2030 (SSB)?
- Korleis skal vi møte nye krav og forventningar til drift av barnehagar?
- Korleis skal vi møte nye krav og forventningar til grunnskuleopplæringa?
- Korleis skal vi få til ein god overgang til å bli ein godt fungerande fådelt skule?
- Korleis løyse behova for spesialundervisning og tilpassa undervisning?
- Generelt kan ein sei at utdannings- og inntektsnivået i kommunen er lågt. Vi har i tillegg ein relativt høg del innvandrarak. Kva kan vi gjere for å utvikle skulebidraget med utgangspunkt i at vi kjenner til desse fakta?
- Korleis få til eit godt kulturskuletilbod for alle (jamfør ny rammeplan)?

4.2.2 Vaksenopplæring og Integrering

- Korleis skal vi utvikle opplæringa for vaksne, slik at dei raskt kan kome seg vidare i utdanning eller over i yrke?
- Korleis kan vi styrke karriererettleinga for busette flyktingar, slik at dei forstår kva som vert kravd av dei og at dei siktar seg inn mot realistiske utdanningsløp/yrke?

- Korleis bidra til at vaksne innvandrarak blir integrert i lokalsamfunnet?

4.2.3 Helse og omsorg

- Kva områder vert helse- og omsorgssektoren utfordra på, grunna auke i tal eldre, og andre endringar i demografien?
- Kva skal kommunen ta med seg frå gjeldande helse- og omsorgsplan, for å sette mål og strategiar fram mot 2030?
- Kommunen vert pressa økonomisk ved at samhandlingsreforma har overført oppgåver frå spesialisthelsetenesta utan at dei er finansiert. Kva for grep og strategiar vil være avgjerande for å møte desse utfordringane framover?
- Korleis kan Hyllestad tilpasse seg auka (nasjonale) faglege krav til tenestene, og tilpassing til strukturelle endringar i spesialisthelsetenesta? Kva er dei kritiske faktorane for Hyllestad?

4.2.4 Tekniske tenester

- Kva for strategiar er viktige for at kommunen skal klare å styrke vedlikehaldet og redusere forfallet på viktig infrastruktur som bygningar, bruer og vegar?
- Korleis kan Hyllestad kommune styrke si medverknad i overordna planverk knytt til samferdsel og infrastruktur?

4.3 Handtering av problemstillingane

Planprogrammet viser at det er svært mange utfordringar og problemstillingar kommunen bør gå nærare inn i og som er viktige for utviklinga. I praksis vil dette ikkje være føremålstenleg og heller ikkje mogleg innanfor den tidsramma som er sett for planarbeidet.

Det er difor viktig at styringsgruppa (politisk og administrativt) klarar å identifisere nokre få viktige fokusområde der det er særleg viktig å sette tydelege mål, gje tydeleg retning og ta nye grep i løpet av dei neste 2 – 4 åra for å føre kommunen i riktig retning. Det er desse fokusområda som bør være styrande for utarbeiding av visjonar, mål og strategiar for Hyllestad.

5. Kommuneplanprosessen

5.1 Informasjon og kommunikasjon

Kommunen vil kommunisere med innbyggerane og andre gjennom på heimeside der all informasjon vert gjort tilgjengeleg. På heimesida vil det og vere mogleg å legge inn kommentarar og innspel til prosessen og arbeidet som vert gjort.

I tillegg vil kommunen kommunisere med ulike grupper og interessentar gjennom førebudde dialogmøte og informasjonsmøte.

5.2 Organisering og medverknad i kommuneplanarbeidet

Arbeidet vert organisert etter ein enkel modell basert på dei styringsliner som alt ligg i kommuneorganisasjonen. Dette er gjort for ikkje å etablere nye og kanskje unødige byråkratiserande ledd, men og for å tydeleggjere ansvaret som ligg i gjeldande organisering i høve planarbeidet.

Rådmannen er administrativ ansvarleg for prosessen og har engasjert eigen prosjektansvarleg til å sikre framdrift og gjennomføring av dei ulike delane av prosessen.


Formannskapet er politisk styringsgruppe for arbeidet og vil nytte dette og som ein politisk drøftingsarena der representant for alle partia i kommunestyret vert invitert inn. Leiargruppa til rådmannen utgjer den interne koordinerings- og samordningsgruppa og skal sikre god kopling til sektorane og dei tilsette. For å jobbe med einskilde sektortema vert det etter behov etablert tidsavgrensa arbeidsgrupper. Til slike grupper vil og eksterne personar bli invitert inn der dette er tenleg.

Internt er det etablert ei arbeidsgruppe med prosjektleiar, plan- og utviklingssjef og ein rådgjevar. Arbeidsgruppa skal støtte opp under prosjektleiar sitt arbeid og sikre intern forankring og kompetansebygging i denne type planarbeid.

Det vert ikkje etablert faste arbeidsgrupper eller referansegrupper med eksterne aktørar.

Dialogen og medverknaden frå regionalt nivå, vil skje gjennom Planforum og dialogmøte etter behov. Kommunen og eksterne aktørar vil kvar for seg kunne spele inn slike behov. Når det gjeld medverknad frå lokalsamfunnet, vil dette skje gjennom dei formelle høyringane av planprogram, planutkast m.m., men og gjennom opne møter og førebudde dialogmøte med næringslivsorganisasjonar, bedrifter, friviljuge organisasjonar og grendelag. I tillegg vert det halde eit eige ungdomsseminar i løpet av prosessen for å sikre innspel og tydelege forventningar om utviklinga frå ungdom. For born vil vi søkje å ta i bruk metodar som *barnetråkk* og anna for å få dei til å engasjere seg i deler av arbeidet.

Kommuneplanen spenner over alle samfunnstema og undervegs i prosessen kan det vise seg naudsynt å etablere til dømes arbeidsgrupper for å greie ut, eller kome med framlegg til mål og strategiar innan einskildtema. Slike arbeidsgrupper eller andre midlertidige organisasjonsformer vil bli etablert ved definerte behov.



5.3 Samråd med overordna og regionale mynde

I arbeidet med kommuneplanen vil det bli avdekka område der kommunen ikkje åleine har verkemiddel for å få gjennomført naudsynte tiltak. Det blir avgjerande at overordna og regional mynde blir aktive deltakarar og kjenner seg forplikta på dei føringane som vert lagt i planarbeidet. Det er difor avgjerande at vi klarar å etablere tidlege og gode prosessar der desse vert involvert og får påverke innhaldet i kommuneplanen.

Kommunen vil nytte Planforum som fellesarenaen i dialogen med overordna og regional mynde i tillegg til dialogmøte med einskildaktørar etter behov og ynskje. Tid og stad for slike møter er ikkje lagt inn som milepålar i framdriftsplanen.

5.4 Samråd med nabokommunar

Drøfting med nabokommunar vert knytt til formelle møter i HAFS regionråd, for å få forankring av felles utfordringar i leiinga til kommunane. I tillegg vil vi bringe arbeidet inn i plannettverket for HAFS/SIS for å få innspel både på utfordringar og problemstillingar, men og på aktuelle strategiar for å møte desse utfordringane.

5.5 Temamøte

For å styrke kunnskapsgrunnlaget for politikarane, administrasjonen og andre bør ein etablere temamøte med faglege innspel til nokre av dei møtetidspunkta som ligg i framdriftsplanen. Døme på eit slikt temamøte kan være knytt til erfaringar frå andre kommunar med å styrke tettstadforminga, for å auke attraktiviteten og styrke busetnaden. Kva er suksessfaktorane og kva effektar kan ein forvente å få av å gjere målretta val om lokalisering av tenester og tiltak? Distriktssenteret har samla kunnskap frå kommunar om dette og vil være aktuelle som innleiarar. Eit anna tema kan være knytt til organisering av næringsutviklingsarbeidet, der ein både ser på erfaringane frå omstillingsprosjektet i Hyllestad og andre erfaringar og evalueringar frå kommunar det er naturleg å samanlikne seg med. Innhaldet i temamøta kan ein kome tilbake til som ein del av planarbeidet, der ein ser det er særleg viktig å få fram erfaringskunnskap.

5.6 Framdrift

Det er lagt opp ein stram tidsplan, og undervegs må ein ta stilling til om ein vil halde på denne ramma, eller om det er behov for å forskyve heile eller deler av arbeidet. For å sikre god framdrift og vise vilje til ei effektiv planlegging, der ein ikkje gjer planlegginga meir omfattande enn naudsynt, er det medvite at det er lagt ein svært stram tidsplan. Framdrifta viser dei viktige formelle milepålane med politisk handsaming og formelle møtepunkt i medverknadsprosessen.

Tid	Kva	Kvifor	Merknad
15.03	Planforum	Drøfte utkast med regionalt og nasjonalt nivå	Viktig at dei nasjonale og regionale aktørane kjem med konkrete innspel på tema og utgreiingar dei forventar vert gjort.
07.04	Utvida FS	Drøfte utkast til planprogram Før påske men etter Planforum	Ein breiare forankring av utkastet før det vert drøfta i det regionale Planforum. Ekstraordinært møte

Mars April	Næringsforum og grendelag, organisasjonar	Drøfte utkast til planprogram for å få aksept på problemstillingar og organisering medverknad	Gjennomføre separate møter for å få ein god og konstruktiv dialog om kva dei meiner er dei viktige tema/ problemstillingar.
April-Juni	Møte med HAFS	Drøfte problemstillingar på tvers av kommunegrensar og felles utfordringar	Trekke nabokommunane inn (her og Høyanger) for å hente inn erfaringar og vurdering av felles utfordringar.
21.03	Utvida FS og FS	Drøfting i utvida FS og handsaming av utkast for utlegging off. høyring	Informasjon om prosessen med lokale aktørar, regional stat og FK. Vedtak om organisering av arbeidet internt og oppstart av deler av planarbeidet.
April Mai	Hente inn kunnskap	Styrke kunnskapsgrunnlaget omkring sentrale tema	Det kan ta tid å skaffe fram god nok kunnskap om einskilte tema. Avdekke område for meir grundige utgreiingar.
20.04	Formannskap	Handsaming av planprogram	Vedta utlegging av planprogram på offentleg høyring Vedta oppstart av planarbeidet
26.04	Kommunestyret	Handsaming av planprogram	Informasjon? Presentere planprogrammet og prosessen
24.05	Formannskapet +	Informasjon og drøfting	
15.06	Kommunestyret	Vedta planprogram	
Mai - august	Møter med organisasjonar og temamøte(r)	Drøfte innhald, kunnskap og moglege strategiske grep	Temamøte er ikkje konkretisert på tid og inhald. Vil bli drøfta med dei eksterne aktørane
August/ september	Ungdomsseminar	Sikre gjennomtenkte og konkret innspel og forventningar om utviklinga	Leige inn ekstern hjelp for å gjennomføre dette, til dømes over ei helg. Ungdomslaget
31.08	Formannskapet +	Drøfte utkast til mål og strategiar	
20.09/ 04.10	Planforum	Drøfting av utkast til mål og strategiar med regionale og nasjonale partar	Det er ikkje gjort avtale med fylket om endeleg dato
14.09	Kommunestyret	Mogleg drøfting undervegs	Planen viser dei faste politiske møta der det kan være aktuelt å fremje drøftingar undervegs.
19.10	Formannskap	Mogleg drøfting undervegs	
10.11	Formannskap	Drøfte framlegg til ny kommuneplan	
17.11	Kommunestyret	Vedta kommuneplan for 2018 - 2030	Sikrar at drøftingane skjer før vedtak av budsjett 2018

Vedlegg 1 – Kva er eit Planprogrammet og kvifor vert det utarbeida

1 Kva er eit planprogram

Utarbeiding av planprogram er fyrste steget i arbeidet med revisjon av kommuneplanen. For alle kommuneplanar, og for reguleringsplanar, som kan ha vesentleg verknad for miljø og samfunn skal kommunen som del i varsling av planoppstart utarbeide eit eige planprogram som grunnlag for planarbeidet, jamfør PBL §4.1:

Planprogrammet skal gjøre rede for formålet med planarbeidet, planprosessen med frister og deltakere, opplegget for medvirkning, spesielt i forhold til grupper som antas å bli særlig berørt, hvilke alternativar som vil bli vurdert og behovet for utredningar. Forslag til planprogram sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn senest samtidig med varsling av planoppstart. Planprogrammet fastsettes ordinært av planmyndigheten.

Dersom berørte regionale og statlige myndigheter på grunnlag av forslag til planprogram vurderer at planen kan komme i konflikt med nasjonale eller viktige regionale hensyn, skal dette framgå av uttalelsen til forslaget til planprogram.

Eit planprogram er først og fremst ein omtale av tema som kommunen vil løfte inn i arbeidet med sjølve kommuneplanen, og kva for prosessar kommunen legg opp til i planarbeidet.

2 Kvifor planprogram

Planprogrammet skal klargjere føremålet med planarbeidet og avklare rammer og premisser for den vidare prosessen, og belyse opplegg for medverknad.

Planprogram for kommuneplanen er lovregulert gjennom plan og bygningsloven (PBL), § 4-1, og er ei pålagt oppgåve. Omfanget og innretninga på planprogrammet må sjåast i samanheng med utkast til kommunal planstrategi for 2016 – 2020 for andre gjeldande planverk som i dag legg føringar for arbeidet.

Framlegg til planprogram vert sendt på høring til dei dette vedkjem av regionale og statleg mynde, interesseorganisasjonar, næringsliv og andre lokale aktørar. Fristen for å gje uttale skal være minst 6 veker (PBL § 11).

Etter ei gjennomgang av innkomne uttalar, vil kommunestyret fastsette endeleg planprogram. I handsaminga vil kommunen gjere greie for dei innspela som har kome og kva for føringar dette vil gje for planarbeidet.

Planframlegget til ny kommuneplan skal utarbeidast på grunnlag av planprogrammet.

Vedlegg 2 – Rammer for planarbeidet

1 Føring i planstrategien

Planstrategi for perioden er til politisk handsaming no, og vil bli vedtatt av kommunestyret ultimo april 2017. Endeleg vedtak og føringar vil erstatte det som no ligg her. Framlegget frå administrasjonen skal handsamast av formannskapet før det vert gjort offentleg tilgjengeleg i tråd med reglane i PBL.

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak:

1. Hyllestad formannskap sluttar seg til framlegg til Kommunal planstrategi for 2016 – 2020, og vil legge den til grunn for planarbeidet i perioden.
2. Planstrategi vert gjort offentleg tilgjengeleg i samsvar med PBL og vert framlagt for kommunestyret til endeleg handsaming den 26.04.17

Utkast til planstrategi gjeld 2016-2020, der det vert lagt opp til følgjande prioritering:

PLAN	2016	2017	2018	2019	2020
Kommuneplan samfunnsdel					
Kommuneplan arealdel					
Strategisk plan for kysten					

Planstrategien og bakgrunnsstoff med analyser og kunnskapsoversikt finn de ved å gå inn på <https://www.hyllestad.kommune.no/tenester/plan-tekniske-tenester-og-byggesak/plan/kommuneplan/planstrategi/>

2 Nasjonale og regionale føringar

Dei generelle nasjonale føringane til kommunal planlegging og føringane frå fylkeskommunen gjennom regional planstrategi, er omtalt i planstrategien til Hyllestad. Føringane er nytta som grunnlag for å formulere tema og problemstillingar inn i arbeidet med kommuneplanen og vil ikkje bli drøfta nærare her.

Dei viktigaste dokumenta som er nytta for å avklare regionale og nasjonale føringar er:

- [Regional planstrategi 2016 – 2020](#)
- [Nasjonale forventningar til kommunal og regional planlegging](#)

Vedlegg 3 - Kva lovkrav er det til ein kommuneplan?

1 Føremålet med kommuneplanen

Kommuneplan skal være den overordna planen for kommunen, og er definert og omtalt i Plan- og bygningslova (PBL). Føremålet med planen er at den skal ta i vare både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgaver. Det heiter av lova at kommuneplanen «*bør omfatte alle viktige mål og oppgaver i kommunen*». Det heiter vidare at den «*skal ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien og legge retningslinjer og pålegg fra statlige og regionale myndigheter til grunn*». Av loven heter det at alle kommunar skal ha ein kommuneplan som femner om ein samfunnsdel med ein handlingsdel, og ein arealdel. Til kommuneplanen skal det følgje eit eige handlingsprogram.

Gjennom prosessen med kommuneplan kan det og bli avdekket behov for kommunedelplanar for utvalde område, eller temaplanar for spesifikke tenesteområde. Slike delplanar skal og ha ein handlingsdel som seier korleis vi skal følgje opp planen dei fire neste åra eller meir. Slik lova er no skal handlingsdelen reviderast årleg.

2 Lovgrunnlaget

Plan- og bygningslova er styrande for arbeidet med overordna strategisk planlegging i ein kommune. Vi siterer her dei viktige paragrafane for arbeidet med kommuneplan samfunnsdel:

§ 11-1. Kommuneplan

Kommunen skal ha en samlet kommuneplan som omfatter samfunnsdel med handlingsdel og arealdel.

Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgaver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgaver i kommunen. Den skal ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien og legge retningslinjer og pålegg fra statlige og regionale myndigheter til grunn.

Det kan utarbeides kommunedelplan for bestemte områder, temaer eller virksomhetsområder.

Kommuneplanen skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende år eller mer, og revideres årlig. Økonomiplanen etter kommuneloven § 44 kan inngå i handlingsdelen.

§ 11-2. Kommuneplanens samfunnsdel

Kommuneplanens samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringer, mål og strategier for kommunesamfunnet som helhet og kommunen som organisasjon. Den bør inneholde en beskrivelse og vurdering av alternative strategier for utviklingen i kommunen.

Kommuneplanens samfunnsdel skal være grunnlag for sektorenes planer og virksomhet i kommunen. Den skal gi retningslinjer for hvordan kommunens egne mål og strategier skal gjennomføres i kommunal virksomhet og ved medvirkning fra andre offentlige organer og private.

Kommunedelplaner for temaer eller virksomhetsområder skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende år eller mer. Handlingsdelen skal revideres årlig.

§ 11-3. Virkningen av kommuneplanens samfunnsdel

Kommuneplanens samfunnsdel skal legges til grunn for kommunens egen virksomhet og for statens og regionale myndigheters virksomhet i kommunen.

Kommuneplanens handlingsdel gir grunnlag for kommunens prioritering av ressurser, planleggings- og samarbeidsoppgaver og konkretiserer tiltakene innenfor kommunens økonomiske rammer.

§ 11-12. Oppstart av arbeid med kommuneplan

Kommuneplanen kan utarbeides samlet eller for samfunnsdel og kommuneplanens arealdel hver for seg, jf. §§ 11-2 og 11-5.

Når planarbeid, herunder revisjon av plan, igangsettes, skal berørte offentlige organer og andre interesserte varsles om formål og viktige problemstillinger for planarbeidet. Det skal alltid kunngjøres en melding om dette i minst én avis som er alminnelig lest på stedet, og gjennom elektroniske medier.

§ 11-13. Utarbeiding av planprogram

For kommuneplan skal det utarbeides planprogram etter reglene i § 4-1. Forslag til planprogram skal sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn senest samtidig med varsel om oppstart og kunngjøring av planarbeidet og gjøres tilgjengelig gjennom elektroniske medier. Fristen for å gi uttalelse skal være minst seks uker.

Planprogrammet fastsettes av kommunestyret. Kommunestyret kan delegerer myndigheten i samsvar med kommunelovens regler. Kommuneplaner med retningslinjer eller rammer for framtidig utbygging skal inneholde en særskilt vurdering og beskrivelse av planens virkninger for miljø og samfunn, jf. § 4-2 andre ledd.

§ 11-14. Høring av planforslag

Forslag til kommuneplanens samfunnsdel og kommuneplanens arealdel sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn, kunngjøres i minst én avis som er alminnelig lest på stedet og gjøres tilgjengelig gjennom elektroniske medier. Fristen for å gi uttalelse og eventuelt å fremme innsigelse til kommuneplanens arealdel skal være minst seks uker.

Av saksframlegget skal det framgå hvordan virkningene av planen og innkomne uttalelser til planforslaget har vært vurdert, og hvilken betydning disse er tillagt ved vedtaket. Det skal også framgå hvordan planen ivaretar nasjonale og regionale hensyn.

§ 11-15. Vedtak av kommuneplan

Kommunestyret selv vedtar kommuneplanen. Dersom kommunestyret vil treffe vedtak om kommuneplanens arealdel som medfører en bruk av arealer som ikke har vært gjenstand for høring under planbehandlingen, må de deler av planen som ønskes endret, tas opp til ny behandling.

Planen skal kunngjøres og gjøres tilgjengelig gjennom elektroniske medier. Et eksemplar av planen skal sendes til departementet, fylkesmannen, regional planmyndighet og berørte statlige myndigheter.

Kommunestyrets vedtak om kommuneplan kan ikke påklages.

Vedlegg 4 – Plan- og styringssystemet til kommunen

1 Innleiing

For styring av arbeidet med tenesteproduksjon og samfunnsutvikling treng kommunen eit heilskapleg plan- og styringssystem der planhierarkiet er ein viktig del av dette.

Overordna planar skal leggjast til grunn for nye temaplanar, arealplanar, revisjon av planar og prioritering i gjennomføring av gjeldande planar på alle nivå.

I utforming av kommuneplanen blir det difor viktig å gjere dette ut frå eit mål om å redusere unødige plannivå og sikre eit effektivt og godt heilskapleg styringsverktøy.

2 Planhierarkiet

